

Torleif Meling:

Kysttelegrafan i Sunnhordland under krigen 1807-14



Kysttelegrafan (Foto: Torleif Meling)

Ifølge indløben aller højeste Befaling bliver herved bekjentgjort, at, da den engelske Minister Jackson har declareret, at Fiendtlighederne imod Danmark skulle tage deres Begyndelse, saa skal Krigen fra nu af ansees udbrudt imellem begge Riger; og enhver Mand i Landet opfordres til at gribe til Vaaben imod disse Voldsmænd; at der skal strax gjøres Beslag paa alle engelske Skibe og al engelsk Ejendom og Varer i hele Landet ; at, da alle Engelskmænd ere at anse som Statens Fiender, saa skal de belægges med Arrest, indtil de kunne blive udførte af Landet; at der skal skydes paa engelske Skibe, hvor de lade sig see; -.

I aller første utgåva av Sunnhordland årbok, 1914, hadde Andreas Næss ein artikkel om kystvernet i Sunnhordland under Europakrigen 1807-14. I sitt hundreårsminne skildrar han korleis krigen arta seg for folket på kysten, og korleis landet freista forsvare seg mot disse Voldsmænd frå vest. Mest skriv Næss om organiseringa av kystvernet, men han nemner også den såkalla kysttelegrafan som vart skipa ved dette høvet. Lite er elles skrive om denne innretninga, eg vil difor setja meir lys på temaet, no etter nye hundre år.

Det er krigserklæringa frå kongen i København, slik ho vart kunngjord i Adresseavisen i Bergen 5. september 1807, som er sitert i innleiinga ovafor; me får vel sjå litt på den historiske bakgrunnen.

Den historiske bakgrunnen

Napoleons Frankrike var ein sentral aktør i konfliktane i Europa i tiåra omkring 1800. Hovudfienden var England, og ulike politiske alliansar vart skipa på kontinentet for å koma det mektige øyriket til livs. I dette stormaktsspelet freista Danmark/Norge i lengste laget å spela ei nøytral rolle. Kong Fredrik 6. la si ære i å halda denne posisjonen trass i at nøytraliteten ofte kom under press.

Så lenge England var herre på havet, lukkast ikkje Napoleon med sine militære framstøytar mot erkefienden. Han måtte freista ein alternativ strategi, å stengja alle handelsvegar til og frå Storbritannia. Seinhaustes 1806 proklamerte han den såkalla fastlandsblokaden: Alle kystnasjonane på kontinentet, som Napoleon kontrollerte, vart pålagde å stengja hamnene sine for engelske skip, og all handel med England vart forboden. I dette opplegget var imidlertid den dansk-norske nøytraliteten eit stort problem for keisaren. Via Skagerrak kunne England framleis få tilgang til Europa.

England, på si side, frykta no at det berre var eit tidsspørsmål før Napoleon skaffa seg kontroll også over Danmark/Norge, og kunne setja den danske orlogsflåten inn i blokaden. Regjeringa i London valde eit drastisk tiltak. I august 1807 går den britiske marinen til aksjon i København og legg beslag på heile den danske flåten, og tilbyr samstundes danskekongen allianse mot Napoleon. Kongen avviser frieriet frå England, provosert som han er av flåteranet, og landet vårt kjem dermed inn i krigen på Napoleon si side.

Dramatiske meldingar kom i siste veka av august frå København, og den 26. vart det halde krigsråd på Bergenhus festning der mobiliseringstiltak vart vedtekne. Fienden var definert, no var det å bu seg på at han kom til syne vest i havet. Handelsblokade, kaperfart og landgang med herjing og plyndring var kva ein hadde å frykta. Tre forsvarstiltak vart omgåande sette i verk: byggja kanonbåtar, organisera eit kystvern og setja opp ei optisk signallinje langs kysten.

Optisk telegrafi

Idéen om eit optisk signalsystem er gammal, men den første som realiserte tanken, var franskmannen Claude Chappe (1763-1805). Under napoleonskrigane fekk Chappe bygd den første telegraflinja, mellom Paris og Lille, i 1794. På høgdedrag med 8-16 km avstand vart det sett opp tårn med signalmast i toppen. Masta hadde ei rå utstyrt med klaffer. Ved hjelp av ulike kombinasjonar av klaffer og vinklar på raa kunne systemet formidla språklege meldingar signaltårna imellom. På mindre enn ein time sende telegrafan i august 1794 melding til Paris om den franske sigeren over Austerrike ved Condé-sur-l'Escaut. Snart vart optiske telegrafar i ulike variantar tekne i bruk mange stader i Europa, også i Danmark.

Kysttelegrafan i Norge

Allereie hausten 1807 kom arbeidet med å byggja ei signallinje langs kysten i gang. Signalstenger vart reiste med jamne avstandar på gode utsiktspunkt. Signalmidla bestod av tre flagg: eit lyst, eit mørkt og eit blanda, og to vimplar: ein lys og ein mørk. Flagga hadde nummer frå 0 til 2, vimplane fekk bokstavnemningar: a og b. Slik fekk ein ulike kombinasjonar av flagg og vimplar - tal og bokstavar - som representerte ei tilsvarande mengd standardiserte meldingar. Operatorane hadde dessutan trong for kikert.

Signalstasjonane var av to kategoriar: hovud- og repetérstasjonar. På hovudstasjonane skulle mannskapa halda auga med havet og setja opp relevante signal når dei observerte fiendtleg aktivitet. Desse stasjonane måtte difor ha fritt utsyn over havet i ein sektor som vart overlappa av neste hovudstasjon. Repetérstasjonane hadde som einaste oppgåve å formidla vidare meldingar på linja. Her var ikkje utsyn over havet avgjerande, berre siktforholda til dei korresponderande stasjonane var gode.

Kysttelegrafan utgjorde i første omgang to linjer, den austafjelske og den vestafjelske. Den førstnemnde gjekk frå Christiania til Hydra, den andre frå Hydra til Fedje, og frå Marikoven inn til Bergen. Seinare vart det også bygt ei tredje linje, frå Stad til Trondheim. I mai 1808 vart dei to første linjene bundne saman, og i eit brev frå denne tida vert det hevda at telegrafan kunne formidla ei melding mellom Bergen og Christiania på under tre timar. Då hadde ho passert 62 stasjonar ned til Hydra og 99 stasjonar derifrå og opp til Akershus festning. Meldingane fann stasjonsstyraren i signalboka som hovudstasjonane var utstyrte med.

Boka gjev all nødvendig informasjon om drifta av stasjonen:

5te Post.

Signal-Bestyrerne skal være paa deres Post fra en halv Time før Solens Opgang til en halv Time efterat Solen er gaaet ned. De bør uafsladelig holde Udkik, og saasnart noget sees, som ved Signaler bør eller kan tilkjendegives, da skal de strax signalere samme. Repeteurerne skal ligeledes være paa deres Post som ovenmeldt, for at repetere Signalerne.

7de Post.

Saavel Signalbestyrerne som Repeteurerne, skal holde en Dag-Journal, hvori de gjorte og repeterede Signaler indføres, samt Klokkeslættet naar de bleve opgivne eller modtagne, og naar de bleve besvarede af nærmeste Station paa begge Sider. I Tilfælde et Signal blev fejlagtig besvaret, eller paa nogen Station forsinket, saa vil man af disse Journaler kunne erfare, paa hvilken Station samme er skeet.

9de Post.

Det bliver paa en Signalbestyrers eller Repeteurs Ansvar, om hans Telegraph blæser om, da enhver af dem ere pligtige at paasee at Telegraph-Stangens Forstötning er i god Stand, med mere, tillige at brase Telegraphen efter Vinden i blæsende Veirligt, naar der ikke signaleres med samme, ja vel og i stormende Vejr at nedstryge den, særdeles mod Natten, naar man befrygtede den ej kunde staae.

13de Post.

Dersom Fienden skulde lande, og det befrygtes, at han kunde bemægtige sig en Signal-Station, da er det den paa Stedet værende Signalbestyrer eller Repeteur paalagt, i sidste Øjeblik at tilintetgjøre Signalmidlerne og bringe Signalbogen i Forvaring, eller ogsaa at tilintetgjøre denne, om Omstændighederne kræve det. Signalbestyreren eller Repeteuren ved en saadan Station maa strax besørge, at der fra begge Naboe-Stationer bliver viist Nr. 93 eller 94, som forkynder hans Stations Tilintetgjørelse paa hele Linien.

Etter disse instruksjonane, gjev signalboka oversyn over eit fast repertoar med meldingar; det gjeld kva slag skip ein observerer, kurs, avstand frå land osv..

I tillegg til at telegrafene kunne melda fiendtleg aktivitet til forsvarsleinga i Bergen og Christiania, stod hovudstasjonane i tett kommunikasjon med dei lokale kystvernavdelingane, difor hadde også kystvernleiarane telegrafene si signalbok. Ved mobilisering av kystvernet nytta ein i tettbygde strøk såkalla alarmstenger; på landsbygda var varsling med tromme det mest vanlege, av denne grunnen var bruk av tromme til sivile føremål forbode under krigen.

I vinterhalvåret, november til april, vart signalstasjonane rigga ned. Mørke, uvêr og norskekystens store Vidløftighed reduserte faren for at fiendtlige skip gjorde seg gjeldande.




Signalist ved Bukken (Bildets opphav J.C.Dahl / Bergen Museum)

Eit maleri av J C Dahl viser ein signalstasjon der operatøren er i ferd med å setja opp meldinga "Vore Krigsskibe have taget et fiendtlig Fartøy". Det er stasjonen ved gjestgjevarstaden Bukken me ser, ein gong i 1808, og kanskje er det den engelske fregatten Tartar sin forsmedelege lagnad ved Alvøen 16. mai som er signalet sin samanheng.

Klaffetelegrafen

Allereie etter den første signalesongen såg ein at flaggsignalsystemet hadde fleire ulemper. Eitt problem var at når vinden stod langs kysten, vart flagga vanskelege å sjå for dei stasjonane som skulle ta imot signala, og ofte vart meldingar feiltolka. Når kvart signal ikkje skulle vaia lenger enn to minutt, skjonar me at tidspress også vanskeleggjorde arbeidet til menneskapa. Flagga var utsette for stor slitasje og flaggduk var mangelvare i landet. Systemet gav dessutan få kombinasjonar slik at stasjonane fekk liten signalkapasitet. Etter desse erfaringane tok orlogskaptein Ole Ohlsen i Fredriksværn på seg å konstruera ein forenkla versjon av den danske klaffetelegrafan. Hausten 1808 byrja arbeidet med å setja opp såkalla telegrafmaskinar på signalstengene, og då ny sesong tok til, 1. april 1809, hadde stasjonane fått klaffetelegrafar, truleg serieproduserte ved festningane.

Telegrafmaskinen bestod av to rær, kvar med tre klaffer som vart handterte med tau. Klaffene hadde to signalberande stillingar, opp og ned. I vannrett stilling var klaffene usynlege på linja og såleis i nullstilling. Dei seks klaffene sine ulike stillingar representerte kvar sin talverdi, og ved summering av desse disponerte klaffetelegrafan over 200 nummererte meldingar.



*Klaffetelegrafan
(Illustrasjon fra Norsk Telemuseum)*

Signalstasjonane i Sunnhordland

På Vestlandet var det i særleg grad skipstrafikken på Bergen engelskmannen interesserte seg for. Lokalhistorisk vert det mest nærliggjande for oss å studera signallinja i Sunnhordland, det vil seia kyststrekninga mellom Bømlafjorden og Korsfjorden.

Signalstasjonane her skulle vakta innsigingsløpa til byen frå sør.

I byrjinga av mars 1808 kjem det pålegg frå futen i Sunnhordland til

lensmennene i Føyno og Våg skipreide:

I Følge den commanderende Generals Foranstaltning skal uopholdelig indrettes, saavel Sonden som Norden for Bergen, nogen saakaldede Kyst Signaler, og ved nogen af disse opføres Hytter til Opholdssted for de ved hver Station ansatte Personer. For saavidt Føyens Skibrede angaaer skal disse Kyst Signaler og Hytter opføres paa følgende Steder:

1. *Paa en Bakke kaldet Kulhougen ved Espevæhr, paa det Sted som af Gjestgiver Thorup nærmere anvises, skal opføres en Signal Stang og en Hytte.*
2. *Paa Gisøen, paa det Sted som af Told Betjent Erdmann nærmere anvises, skal opføres en Signal Stang og en Hytte.*
3. *Paa Gietting, paa det Sted som Lodsens Poul Poulsøn nærmere anviser, skal opføres en Signal Stang. Paa Stedet er allerede en Hytte, men den skal istandsættes.*
4. *Paa Hidschen, paa det Sted som Ole Hidschen anviser, skal opføres en Signal Stang; Her behøves ingen Hytte.*
5. *I Synstabøvogen skal opføres en Signal Stang paa det Sted som Erich Erichssøn anviser, men her behøves ingen Hytte.*
6. *Paa Næsset, paa det sted som Lodsens Jacob Christenssøn anviser, skal opføres en Signal Stang og en Hytte.*
7. *Paa Goddehesten, paa det Sted som Halvor Halvorssøn anviser, skal opføres en Signal Stang og en Hytte.*
8. *Paa Brandesund, paa det Sted som Gesell Strand anviser, skal opføres en Signal Stang og en Hytte.*

I Våg skipreide vert fem lokalitetar peika ut: Øvrevågsvarden og Brattebergsåta på Stolmen, tilviste av Hr Berg i Qvalwogen; Varehaugen på Møkster, tilvist av los Rasmus Nilsson; Arekletten på Storekalsøy, av Arent Monsson Bakke og Kleppholmen på nordsida av Korsfjorden, kjentmenn er her Johannes Halvorsson.

I tillegg til desse 13 stasjonane går det fram av seinare dokumentasjon at det var signalstenger også på Littlekalsøy og Horgo i Austevoll, Håkholmen i Sund og på Bømmelhuk og Hillesøy på Bømlo. Stasjonen på Gisøy vart snart flytta inn til Holme, medan Bømmelhuk tidleg må ha vore lagd ned.

Når det gjeld den meir presise lokaliseringa av stasjonane, ser me at futen sin instruks for Austevoll gjev eit klart bilete av signalstengene si plassering, om då instruksen vart teken til følgje; unntaket er Litlekalsøy. Stasjonen på Horgo er det einaste tilfellet i vårt område der me finn stadnamn, Signalen, som synest å referera direkte til kysttelegrafan. Av lokal, munnleg tradisjon om denne verksemda har elles lite vore å finna.

På Bømlo er lokaliseringsspørsmålet vanskelegare. Me veit av andre kjelder at stasjonen ved Brandasundet var lokalisert til såta, som rimeleg er. Goddehesten er namn på ein fjelltopp og på Hillesøy gjev topografien eintydig svar. Lenger sør på øya, derimot, må me gissa oss til kor signalstengene stod. Namnet Kulhaugen i Espevær er ukjent i dag.

Signal Stængerne skal være 16 Al. lange, 8 Tommer i Roden og 3 Tommer i Toppen, og da Grunden paa ingen af Stederne er saaledes beskaffen, at Stangen kan staa med den udfordrende Fasthed, uden Kryds og Stivere, saa maa tillige paa enhver Station anskaffes og henbringes følgende Sorter Tømmer, nemlig: 2 Stk Bjelker, hver 6 Al. lange, og 9 Tommer i Fiirkant, og 4 Stk Bjelker, hver 4 al. lange, og 5 Tommer i Fiirkant.

Da i øvrigt dette Arbejdes hastigste Udførelse er af yderste Vigtighed saavel for Landet som for Byen, saa maa Lehnsmændene anvende al mulig Flid paa at faa det tilendebragt saa hastigt som mueligt er, ...

Signalstasjonane nemnde ovafor var operative 6. april 1808. Espevær, Sønstabøvågen, Brandasund, Brattebergsåta, Arekletten og, i første omgang, Kleppholmen var hovudstasjonar, dei andre repetêrstasjonar. Frå Espevær tok signalet seg sør til fastlandet via Ramsholmen, medan Kleppholmen i nord hadde korrespondanse inn fjorden til Lerøy (- og vidare over Tyssøy, Søre Brattholmen, Marikoven og Kvarven til Bergenhus).

Ansvarer for å administrera den bergenusiske signallinja fekk Hr. Krigsraad og Overtelographinspecteur Johan Arnoldus von Westen Kahrs, ein signalist henta inn frå den danske kysttelegrafan. Han reiste mellom anna langs linja og kontrollerte stasjonane sine journalar, at signalstyrarane gjorde jobben sin på tilfredsstillande vis. Når det gjeld hans sivile liv, om det interesserer, så gifte han seg med ei prestedotter frå Fjelberg, Ingeborg Catharina Brun.

Signalstyrarane

Kysttelegrafene hadde trong for kvalifisert mannskap; opphavleg vart det visstnok tilsett to styrarar ved hovudstasjonane, i seinare rapportar finn me berre nemnt ein. Signalistane måtte ha eit observant auga og vera lese- og skrivekunnige. Skipsførarar og losar var vane med observasjonar til havs og vart såleis prioriterte når signalstyrarar skulle rekrutterast. Frå inspektør Kahrs sin rekneskap frå 1813, kjenner me namnet til dei dåverande styrarane. Eitt inntrykk er at her er mange eksotiske namn, kanskje i seg sjølv ein indikasjon på signalistane sin sosioøkonomiske bakgrunn.

På Espevær heiter styraren A Horsenius. Truleg er det tale om Albert Christopher Horsenius (f 1786), gjestgjevarson frå Salhus og sjøfarande då han vart engasjert som signalstyrar.

Andreas Johannessen Weibel (f 1785) kom til Hiskjø som signalstyrar, vart gift inn i handelshuset på Hiskholmen, og var såleis svoger til styraren på Geitung, Nataniel Olrick.

I Sønstabøvågen styrte Hans Messel Sem (f 1780). Han var skipskaptein, son til kjøpmann Hendrick Sem i Bergen. Seinare finn me han att som kræmar i Espevær. Kjøpmannssøner var også Gudmund Erichsen ved stasjonen på Nese og Jørgen Thysland i Brandasundet.

Identiteten til Niels Holm på Brattebergsåta, er uklar, men folketeljninga frå 1801 nemner ein 22-årig matros, Niels Christian Holm, losjerande i Bergen.

På Litlekalsøy, Møkster og Arekletten sat Høne, Falck og Brandt, om dei veit eg ikkje meir å fortelja.

Styrarane på hovudstasjonane vart i 1813 løna med 400 riksbankdalar, 59 3/7 skilling; på repeterstasjonane: 292, 65 1/7. Signalstyraren disponerte også ein medhjelpar med 32 skilling dagen i løn.

Mannskapa hadde lange vakter og dei fann arbeidet slitsamt, mellom anna høyrer me sagt at all den årvakne kikringa verka øydeleggjande på synet. Frå ein stasjon kjem det klage over at vakthytta er i så dårleg forfatning at det ikkje er mogleg å halda til der ”med mindre man forsetlig vil spulere sin Helbred, da Vegger saa vel som Tag og Skorsten er saa aldeles forfaldne

at Vind og Vand trænger ind alle Vegne, saa ieg er nesten som under aaben Himmel”.

Hans Messel Sem, titulerte seg Afdelingsbestyrer, han hadde eit overordna ansvar for dei ni stasjonane frå Espevær til Brandasund. Same funksjonen hadde Niels Holm for stasjonane nord for Selbjørnsfjorden. Etter desse finn me i Riksarkivet ymse dokument som gjeld drifta av telegrafane dei hadde tilsyn med. Det gjeld rekningar og kvitteringar i samband med vedlikehald og drift. Dei gjev også tilfang til det biletet me har av verksemda ved signalstengene.

Frå november til og med mars hadde telegrafan vinteropplag. Signalstonga var teken ned og maskinen i hus. Det var oppsitjarar på staden som tok på seg å hysa utstyret. Ein riksdalar fekk dei i betaling for å halda maskinen i hus for vinteren.

På Møkster, til dømes, hyrte Niels Holm i 1813 seks oppsitjarar til arbeidet med opp- og nedrigging av telegrafane vår og haust: Michel, Rasmus, Absalon, Aarent, Ellias og Lars. Ein halv dags arbeid vart rekna for å få opp mast og maskin, og løna var to riksdalar per mann.

Tauverket til telegrafane skulle lappsalvast (impregnerast) framfor ny sesong, ein jobb som under Sem gav arbeid til ein mann i åtte dagar. Ti kanner tjøre gjekk det med.

Til tre av stasjonane, Geitung, Hillesøy og Goddehesten, var ein avhengig av båt, og me ser at stasjonssjefane fekk 24 skilling per dag i båtgodtgjersle.

I oktober 1813, berre nokre veker før signalsesongen tok slutt, måtte Sem til med ei større vøla på anlegget i Sønstabøvågen. Det var storm i Nordsjøen i førstninga av månaden; telegrafan hadde havarert, signalstonga måtte skiftast ut og maskinen reparerast. Av rekninga ser me at det vart kjøpt inn ei 18 alner lang mast frå Gunder R Nordtun. Seks mann måtte til for å slita stonga frå sjøen og opp til stasjonen. Maskinen måtte lappast, som det heitte, den jobben var det Bent O Sønstabø som tok seg av, medan smed Asbjørn Asbjørnsen Holme laga nytt hengsle til ei av klaffene.

Kva for nytte hadde me så av kysttelegrafen?

Imidlertid glæde Kystbeboerne sig inderlig over denne gode Bevogtning langs Kysten og vil evig erindre denne Foranstaltning med varm Taknæmlighed, som gjør at de tør opholde sig rolige og trygge i deres Boliger; ogsaa have de den Tillid til Signalerne, at disse afskrække Fienden fra mange onde Foretagender ved Kysterne.

Det er kaptein Ole Ohlsen si oppfatning som slik kjem til uttrykk, og det alt før signallinjene var ferdig utbygde sommaren 1808. I ein rapport frå krigens siste år skriv han om telegrafen:

Den blev meget benyttet, ja der var sjelden nogen Time på Dagen uden at en eller flere af Hovedstationerne havde noget at telegrafere, så at den hele linie var i uophørlig Virksomhed.

Kor representativt er så dette for erfaringane vestafjells? Ingen journalar frå stasjonane er så langt komne til svars, og som nemnt er her lite og inkje av munnleg tradisjon å finna (- trass i Ohlsens forsikring om evig erindring). Likevel er me ikkje utan rapportar om krigshandlingar der signalstasjonane fekk ei rolle å spela.

Det var Skagerrakkysten engelskmannen var mest oppteken av, og aksjonar mot vestkysten av Norge var frå først av ikkje høgt prioriterte av det britiske admiralitetet. Men særleg to forhold medverka til at fiendtlege segl likevel, og stadig oftare, kom til syne over horisonten utetter våren 1808. For det første hadde norske kaparar tidleg på året byrja å operera på skotskekysten, og det kom krav frå reiarar der borte om sjømilitære mottiltak. For det andre, hadde den hollandske fregatten Gelderland, med tilhøyrande konvoi undervegs til Java, teke seg inn til Bergen for reparasjon. Frå flåtestasjonen i Leith vart fregattane Tartar og Ariadne sende nordover for å kryssa utanfor Bergen. Tartar skulle først og fremst vakta på og kapra hollendarane. Etter kvart vart fleire skip frå Leith sette inn i kryssar- og konvoiteneste mot våre kystområde. Frå april månad og utetter sommaren vart det nærast dagleg rapportert om fiendtlege kryssarar på vestlandskysten. Her har nok signalstasjonane vore aktive.

Søndag morgon 15. mai kapra Tartar, under falsk flagg, to mindre båtar ved Austevoll. Fangane, blant dei to losar og truleg ein signalstyrar, vart

sette til å føra skuta inn Korsfjorden mot Bergen. På veg inn fjorden raserte fregatten telegrafan på Kleppholmen og tok med seg sjefen. Sidan, derimot, hadde framstøyten mot Bergen liten suksess; den hollandske konvoien hadde forlate byen ei veke tidlegare, og under den legendariske bataljen ved Alvøen 16. mai vart Tartar påført eit sviande nederlag. Under rettsoppgjeret etter episoden, vart to signalstyrarar sette under tiltale. Christopher Huun vart sikta for å ha medverka under innlosinga av skuta og vart frådømt stillinga som signalstyrar. I tillegg måtte han betala 50 riksdalar i bot til fattigkassen i Møkster sokn. Truleg var han signalstyrar på Stolmen. Avskjed fekk også styraren på Kleppholmen, J Thomsen. Han vart skulda for å ha vore hjelpe mann då Tartar tok seg ut Hjeltefjorden.

Den andre fregatten, Ariadne, sette også spor etter seg i skjergarden. I eit forretningsbrev, datert Bergen 1. august 1808, fortel Wollert Danchertsen Krohn følgjande:

Den 28 Passato om Aftenen behagede det en Engelsk Fregat der krydsede uden for Korsfjorden, at sætte Folk i Land paa Store-Kalsøen, hvor de nedreve den derværende Signal-Stang og -Hytte, og borttog 12 Faar; ogsaa havde de efterladt 1 Koe død i Græsset. Fornøyet med denne Hælte-Gjerning, droge de bort saa snart Allarm-Trommen hørt til KystVærnets Samling; man seer heraf, at de ikke har forglemt deres gamle Maade, at retirere, naar Modstand bydes dem! Dersom Allarm før var gjort inden de landede, vilde maaskee de have overgivet sit Forsæt! Da de derimod fant Øen forladt af dens faa Beboere, der saae sig angreben af en overlegen Fjende, kan det vel neppe henregnes til Hælte-Daad, at de fik Signal-Stang og Hytte nedrevet, samt bemægtiget sig det blaa Flag, der af Telegrafisten var efterladt?

Fienden skaut også etter signalstyraren, men han kom unna ved å gøyma seg i ein bergkløve. Etter lokal tradisjon kom 150 væpna mann roande over Korsfjorden ved dette høvet, etter at klokkene i Sund-kyrkja hadde mobilisert kystvernet.

I ein rapport frå divisjonssjef i kystvernet, Erdmann, heiter det at den 12. september 1810 kom ein fiendtleg fregatt under land ved Sønstabøvågen og sette ut to båtar. ”Den ene Barkasse landede paa en Ø, hvor der gik en Del Faar, den anden snappede en Fisker med hans Baad. Engelskmændene

spurgte Fiskeren, hvor mange Mand der var paa Signalstationen. Fiskeren svarede 60, naar Allarmtrommen gik. I det samme hørtes denne, og nu trak Engelskmændene sig tilbage, idet de slap Fiskeren med hans Baad løs, da Barkasserne havde passeret de yderste Skjær”.

Dette er døme på tilfelle der kysttelegrafene i vårt område eksplisitt vert omtala i militære og sivile rapportar. Dei mange andre observasjonane av fiendtlege skip, som ikkje minst historikaren Beutlich har registrert, og det at fienden viste slik interesse for signalstasjonane, kan tyda på at telegrafene var eit viktig instrument i kystforsvaret under krigen.



telegrafene i Sønstabøvågen rekonstruert (foto Torleif Meling)

Då krigen var over i 1814, vart det vurdert om kysttelegrafen skulle halda fram som eit sivilt kommunikasjonsmiddel, men den økonomiske stoda i landet tilsa at det fekk bli med tanken. Då spørsmålet om å byggja opp att telegrafen vende tilbake i 1848, peika den teknologiske utviklinga i ei anna lei; den optiske telegrafen si tid var omme.

I år 2000 vart klaffetelegrafen i Sønstabøvågen rekonstruert og gjenreist som eit lokalt tusenårsprosjekt. Her kan telegrafmaskinen, i operativ stand, studerast i signalsesongen, mai - september.

Kjelder og konsultert litteratur:

- H P Holmboe: Briternes Krigsforetagender langs Norges Kyster fra 1808 til 1814, frå Samlinger til Det Norske Folks Sprog og Historie, Andet Bind, Chra. 1834
N A Larsen: Fra krigens tid, Christiania 1878
C Flood: I Krigsaarene, Kristiania 1881
H J Barstad: Bergens forsvar, Bergen 1887
H Angell: Syv-aars-krigen for 17. mai 1807-14, Kra 1914
A Næss: Kystvernet i Søndhordland under krigen 1807-1814, Sunnh. årbok 1914
L Kiærland: Efterretnings- og meldetjeneste i gamle dager, Norsk Militært Tidsskrift 1932
F Beutlich: Norges Sjøvæbning, (2 bd) Oslo 1935/1940
Bergens historiske forenings skrifter, nr 44/1938
H Aase: Vågs skipreide kring 1814, Sunnh. årbok 1938
H J Runde: Naar Telegraphen skal forkynde, Sogndal 1995
Ingvar Sørensen: Karmøys Terje Vigen, Vedavågen 1998
Ymse dokumentasjon frå Riksarkivet, Statsarkivet i Bergen, digitalarkivet.no, Norsk telemuseum og Risør museum